

NEI til vindkraft i Vossefjella!

Tysdag 2. juni tok Østnorsk Vind kontakt med grunneigarar i området Kvitafjell, mellom Evanger og Hamlagrø. Dei ønskjer å møte grunneigarar i samband med at dei planlegg vindkraftverk i området.

Vi reagerte med sjokk og vantru, då eit slikt anlegg representerer så mykje naturøydelegging, lys- og støyplager, redusert naturoppleving over store avstandar, forureiningsfare, med meir. I tillegg sperrar det av store område i og rundt vindkraftanlegget haust, vinter og vår, på grunn av fare for iskast og isnedfall. Dette ønskjer vi ikkje i fjella våre, eller andre fjell for den saks skuld.

Avisa Hordaland tok heldigvis raskt fatt i saka, slik at vi fekk gjort det kjent for alle kva som no blir planlagt i fjellheimen. At Østnorsk Vind ikkje vil uttale seg til avisa om planane, og heller ikkje har vore i kontakt med heradet, viser at det var rett å få dette fram i media. Vi veit ikkje kor stort område det gjeld, eller kor mange grunneigarar som er råka.

Voss herad, ved ordførar Tonje Ljones Såkvitne, var raskt ute og sa tydeleg frå om at dette ikkje var aktuelt på Voss. Det var ei rask og klar tilbakemelding til Østnorsk Vind, grunneigarar og uroa sambygdingar! Eit stort politisk fleirtal har vedteke at Voss ikkje tillèt vindkraft.

Dette stoppar nok diverre ikkje Østnorsk Vind. At selskapet no aktivt oppsøker grunneigarane, viser nok at området er så aktuelt at dei ønskjer å sikre seg avtalar for å kunne halde fram planlegginga av vindkraftanlegget. Utbyggjarar tenkjer langsiktig, og avtalar med grunneigarar har lang varigheit, gjerne 30 år, med opsjon på forlenging. Med avtalar i botn, kan dei planleggje vidare og realisere prosjektet, om den politiske situasjonen endrar seg i framtida.

Det er all grunn for grunneigarar til IKKJE å gå inn i slike avtalar i dag. Dersom prosjektet ikkje blir realisert før om 20–30 år, påfører ein i mange tilfelle dette på neste generasjon drivarar av garden. Avtalar, som i dag kan verke økonomisk freistande, kan med stort sannsyn vere katastrofalt dårlege om få år, for ikkje å snakke om 20–30 år fram i tid.

Då risikerer vi å overlate ei skikkeleg «drittpakke» til neste generasjon, med store naturinngrep og heftingar på eigedomen, utan at det kanskje gir ein kompensasjon som står i forhold til tida ein lever i.

I landbruket har det alltid vore tradisjon for å overlate garden til neste generasjon i litt betre stand enn då ein tok over sjølv. Å gje han vidare med ei utdatert avtale om rasing av fjellheimen, er ikkje ein del av ein slik tradisjon.

Difor må grunneigarar seie NEI til Østnorsk Vind no. Vi kan ikkje medverke til at dette får halde fram og set etterkomarane våre i ein håplaus juridisk og økonomisk situasjon.

Vi vil samstundes oppmoda andre grunneigarar til å dela informasjon dei sit på etter kontakt med Østnorsk Vind, slik at vi får meir fakta fram i dagens ljøs!

Gøril Undertun og Øystein Andersen